



Foto: Ranveig Marie Nesse



SÅ TETT PÅ NATUREN AT DU KAN NYTA DETALJANE




Foto: Vegard Røsland

**Kor mykje kan du fjerna frå livet og likevel ha eit fullkome behageleg liv? Kor fantastisk kan hytta di vera og likevel ha eit minimalt fotavtrykk i naturen?**

På hytta i Goddosen sit du i naturen. Svaberg og lyng fortset inn i stova. Stova held fram ut på berget. Hyttekroppen svever lett over lyng og berg, innimellom furutrær.

So naturleg at trykket mest ikkje merkast.

Vegen snor seg langs bergkanten og kyssar det harde fjellet. Fullkomen harmoni.






Foto: Finn Bakke

**Hav og horisont. Svakt sus av dønning. Dryping frå padleåra og måseskrik litt lenger ut. Stilt og fredeleg.**

Litt lågmælt samtale med ein god ven. Eller med tenår-ingen utan skin i ansiktet frå skjermen.

Kanskje stuper fiskeørna i vatnet nokre kajakk lengder borte. Tett på naturen, saltmak på leppene og god lukt av tang. Ubetaleleg oppleving.

So naturleg at det mest ikkje merkast. Havet kyssar det harde berget. Fullkomen harmoni.





# Bømlo



**Goddosen** hyttegrenn ligg på austsida av Goddo, i Bømlo kommune, med utsikt ut over Goddosen mot Rolvsneslandet, Kjøpholmen og soloppgangen. Hytteområdet ligg ved fylkesveg 18, som går frå Hollundskjosen over Goddo ut til Brandåsund. Frå Urangsvåg til Brandåsund er det ein spektakulær vegstrekning med 6 bruer over dei ulike sunda, frå ca 30 meter lengde til den lengste på 200 meter. Fantastisk å sykla, jogga eller køyra bil.

**Bømlo kommune** tel om lag 12 000 innbyggjarar og ligg ytst mot havet i Sunnhordland. Du kan komma til Bømlo ved å køyra E39 til Føyne og ta av mot vest. På gode, moderne vegar kjem du fram til kommunesenteret på rundt 15 minutt. Legg du til 8-10 minutt er du ved Goddosen hyttegrenn.

Med sine over 120 bedrifter, offentlege kontor, trenings- og helsetilbod og sosiale samlingsstadar er **kommunesenteret Svortland** på tilbodssida på dei fleste områder. Handel med eit stort tal butikkar i ulike bransjar, kafear der ein treffest, kyrkje, kulturhus og offentlege tilbod av ulike slag. Du finn det meste her, mindre enn ti minutt i bil frå hyttegrenda.

**Det beste i livet er gratis!** - På Bømlo kan du boltra deg og nyta naturen ute blant holmar og skjer, på turar i vakert landskap! Goddo har ei rekke merka stiar over berg og lyngheier, heilt ut til havet. Skulle du ha lyst å gå til topps, gir fjellet vårt, Siggjo, eit strålende oversyn over heile Sunnhordland og meir til. - Ta gjerne turen under vatn om du vil, nye landskap faldar seg ut der. - Eller sykla frå sør til nord. Valet er ditt og me kan lova deg flotte opplevingar!



Foto: Vegard Røslund







Foto: Finn Bakke

På vestsida av Bømlo ligg storhavet. På dei rette dagane kan du padla, eller ro, heilt ut. Gjennom granittrenner som akkurat har plass til kajakk-skroget. På Goddo eller andre stader her ute mellom holmar og skjer i verdas vakraste natur! - Syns no me då...

Og så er det dette med å hiva ut snøret, med forventning dra og sleppa ut att. Er det stortorsk eller kveite som nappar, eller ei lita pale...?







Me har nytta JK.ARKITEKTUR i utvikling av det særmerkte hytteområdet på Goddo. Vårt ønske var ei utbygging med skånsam terrengbehandling og som tok omsyn til kvalitetane på staden. - Oppgåva var å utvikla eit konsept for dei 16 tomtene, gjennom to hyttetypar som er skreddarsydde for dette landskapet.

Området har gode kvalitetar med omsyn til utsyn og lysforhold. Den varierende topografien i landskapet opnar seg mot aust, sør og nord. Her finn me karakteristiske landskapshyller og platå med unike kvalitetar. Variasjonane med knausar og vegetasjon gjev lune og opne landskapsrom.



SÅ TETT PÅ NATUREN AT DU KAN NYTA DETALJANE

**Då me skulle utvikla Goddosen ville me skapa noko heilt spesielt. For at du skal kunna finna ditt lune reir, der du med minst mogleg fotavtrykk kan kopla av og få ny energi.**

Vegetasjonen i sør er prega av hardføre artar som lyng, brake og buskfuru. Frå landskapshyllene fell landskapet ned mot sjøen og fjorden.

Nordre del av utbyggingsområdet går over til barskog og ligg meir skjerma til. Kontrasten i landskapet mellom det opne og meir skjerma gjev fin spenning mellom det lune og det barske landskapet.

Frå første krittstrek på tavla til siste hand på planløyser og materialval har fokuset vore å skapa ramer rundt ferie og avkobling som set den gode følelsen i høgsetet.

*Hyttedraumen nær havet,  
.....og passeleg langt frå byen!*





## HYTTEGRENDA

I reguleringsplanen er området disponert med vegføring, parkering, tomtegrenser og byggegrenser. Tomtene har ulike kvaliteter. Nokre er skjerma medan andre ligg meir oppe til ute på knausane.

Det er lagt opp til at kvar tomt spelar på sine kvaliteter, med sin eigenart. Hyttene skal samspela med terrenget sitt naturlege uttrykk; gjennom uterom som blir danna, med materialbruk og fargebruk.

Hyttene strekker seg frå sine platå og ut i det opne landskapsrommet. Balansen mellom dette nære og det fjerne landskapsrommet gjev ein spanande kontrast i naturopplevingar. Samspelet mellom vegetasjon, topografi og bygning skal saman gje variasjon for ulike uterom.






Illustrasjon: JK Arkitektur

**Hyttene ved Goddosen** er som gode vener. Du nemner dei ved namn. Og namna er henta frå landskapet i området, øyer, skjer, fjell og høgdedrag som betyr noko hos oss som har budd her i generasjonar. Gode fiskeplassar, kjekke turmål, fine badeplassar.

**Alle våre hytter** er bygd over same leisten, **Lauritz** er eit kvadrat, plassert på berget med ansiktet vendt mot soloppgangen. **Nillo** er eit rektangel med spennande bruksvariasjonar. Begge beskyttar mot vind og vær når det trengs, og er opne mot sola i fint vær. - Dei har arkitekten sine tilrådde planløyningar, men det er høve til individuelle tilpassingar.



Illustrasjon: JK Arkitektur





### Arkitektur og design bygger på

kontrasten mellom det barske, opne og det lune, omsluttende og nære. Felles for begge hyttetypane er den skånsame tilpassinga til terrenget. For å unngå større sår i naturen står hyttene på søyler og punktfundament. Dette gjev ein tydeleg karakter i arkitekturen – dei lette hyttekroppane i tre so og sei svevar over det trauste berget og strekker seg mot fjorden i aust.

8 tomter ligg på det fremste platået i aust med slåande utsikt mot Goddosen og Stordfjella. 2 tomter er etablert i det indre og meir lune tomteområdet.

6 tomter er plassert i vestre del av området med sin eigenart.

Hyttene er omtensomt plassert slik at dei skjermar for innsyn frå naboane, samstundes som dei slepp inn lys og sol.

Det er byggeklausul på tomtene.


### Naustbuer, strand og småbåthamn.

Det går veg ned til sjøen der det ligg naustbuer, badestrand og småbåthamn. Anlegget rommar mellom 15–20 båtplassar.

Om ein ynskjer det kan ein få med eiga naustbu og båtplass.










# LAURITZ

goddosen

TETT PÅ NATUREN



## Underetasjen

Dette planet inneheld stove med kjøken, entré og toalett. Frå stova går du rett ut på den overbygde uteplassen som kan skjermast frå vind og vær med skyveskodder.

Dei kan lukkast, anten berre den eine eller den andre, eller begge. Slik får du ei ekstra uestove skjerna mot ver og vind når det trengs. Der kan du også ha utemøblar og anna beskytta når du er borte frå hytta.

Løysningen med fleksible skyveskodder og skråbjelken er ein mogleg designdetalj man kan sikra seg i tillegg til hovud utforminga.

## Ein gangsti fører deg fram til Lauritz.

Den utvendige bua, uteplassen og terrassen blir tilpassa kvar tomt individuelt. Dersom du vel skyveskodder blir den overbygde terrassen omskapt til bu når du forlet hytta. Skoddane kan også nyttast som levegg ved behov.

Allrommet med stove og kjøken er vendt mot øyriket i aust. I det fjerne ligg sunnhordalandsfjella. Det kompakte volumet er godt utnytta og gjev god kontakt med landskapet, samstundes som du kan «kroa» deg i ein lun krok.


Den lune terrassen er skjerma av hyttekroppen og boda. Terrasseborda smyg seg inntil berget og gjer overgangen til naturen saumlaus.



Fleksible skyveskodder som kan beskytta når det blæs.









### Faktainformasjon:

Tomt: Sjøelveigande  
 Tomteareal: frå 588 m<sup>2</sup> til 673 m<sup>2</sup>  
 Bruksareal 107,3 m<sup>2</sup> + 6,9 m<sup>2</sup> bu  
 Antal soverom: 3-4



### Overetasjen

Overetasjen har tre soverom, bad og loftstove. Loftstove kan fungera som soverom ved behov.


Kvart soverom har si eiga, unike utsikt. Denne gjev individuell stemning i rommet og tett kontakt med naturen.



Med alle soveromma i overetasjen kan du trekka deg tilbake om du ynskjer det. Hovudplanet er ope mot landskapet og innhald fellesfunksjonar.

# LAURITZ







Illustrasjon: JK Arkitektur

# LAURITZ

Materialbruken i hyttene våre er prega av tradisjonelle vestnorske materiale i eksteriør og interiør som underbygger den enkle og robuste formgjevinga. Ytterveggane blir bygde i ulike typar trekledning og glas. Glasrammene er i mørke jordtonar. Denne paletten gir eit harmonisk samspel med omgivnadane slik at du frå avstand ikkje kan skilje så lett kva som er ein bygning og kva som er landskap.







Illustrasjonsbilde er utforma som ein retningsvisar for det endelege arkitektoniske uttrykket.

Illustrasjon: JK Arkitektur



Dei store vindaugo gir tett kontakt med landskap og sjø, også på dagar når storm og vær fyk forbi, og ein helst vil sitja inne i ei varm stove.

Dei varme fargane i naturmaterialane saman med avstemte fargar i kjøken og baderomsmøblar gir ei lun rame rundt livet ditt. - Når du kjem på hytta for påfyll!



# LAURITZ




# NILLO

goddosen

TETT PÅ NATUREN

Illustrasjonane er retnings-  
gjevande, det  
kan vera avvik  
i dei endelege  
løysingane.



## Underetasjen

Nillo har alle viktige funksjonar på hovudplanet. Stove, kjøken, entré, bad og soverom.

Skyvedør frå kjøken ut til soldekket gir den gode følelsen av å komma tett på naturen; lukter, lydar og lys.



## Faktainformasjon:

Tomt: Sjøelveigande  
Tomteareal: frå 599 m² til 823 m²  
Bruksareal\*: 107,2m² + 3,7 m² bu  
Antall soverom 3-4

\* utan hems, sjå neste side, overetasjen.



Illustrasjonar: JK Arkitektur

Nillo er eit rektangel der eit elegant design gir ein lang hyttekropp som plasserer hovudfunksjonane i underetasjen.

Kjøkenet har store skyvedører mot uterommet, og er tett på naturen.

Stova opnar seg mot sjølandskapet og sola sin gong. Her kan du kroa deg i sofa-en med den vernande vegg bak deg.




Bua er plassert som eit frittstående element og ramer inn uterommet. Denne dannar ein skjerma privat uteplass. Bua si plassering og uterom er tilpassa kvar enkelt tomt.

Den lune terrassen er plassert på sørsida av hytta, fangar soloppgangen og gir rikeleg lys og varme utover dagen. Dei store vindaugo/skyvedørane hentar naturen inn i stova og viskar ut skiljet mellom inne og ute.


Romløysinga i Nillo gir kjøkenet ein sentral plass slik dei gamle vestlands-husa hadde det. Ei bru leier til soverom i overetasjen.

Store, private soverom har store glasflater som gir god utsikt.






17



**Overetasjen** har to alternative løsninger: Du kan velja open løsning med bru over kjøkenet, ei luftig og stilig løsning i det spenneste, rektangulære formatet hytta har. - Oppe har hytta bad og bod i tillegg til to soverom.

Arealet kan også lukkast med å plassera ein hems der opningen er og t.d. nytta bod til soverom. Slik får ein ei hytte med fire soverom totalt.

# NILLO



Tette veggjar mot nord og vest skjermar mot naboen og gir god livd mot nordavinden.

Opne flater mot aust og sør fangar mest mogleg sollys og utsikt.







Illustrasjon: JK Arkitektur

# NILLO

Landskapet ved Goddosen er prega av nakne berg der lyng og brake skaper vakker kontrast til det ru berget. Lengst nord er ein vernande og lunande furuskog. Utsikta frå høgdedraget er vid mot øylandskapet og fjella i aust.

Ein svevar nærast over terrenget og det naturlege landskapet.





Illustrasjon: JK Arkitektur

# NILLO

I interiøret ser me føre oss stor bruk av tre – i form av kryssfiner og panel på vegger, tak og golv. Slitesterke og gylne flater som omsluttar og gjev intimitet i det opne landskapet. Nillo har ei open planøysing som gir ein luftig følelse og god kontakt med alle som er i hytta.

Hytta kan også ha lukka løysing med meir plass på hemsen til eit opphaldsrom/stove eller soverom.





Goddosen Panorama AS | 5430 Bremnes  
 T: 918 04 435 | [post@goddosen.no](mailto:post@goddosen.no)  
[www.goddosen.no](http://www.goddosen.no)